



Forventningsfulle kursdeltakere fra Uskedalen.

**Norges Musikkorps Forbund sine musikksummerkurs har vorte svært populære; - slik er det også mellom dei unge korpsmusikarane frå Uskedalen. Lørdag starta det første kurset opp i Ølensvåg, og då var 3 forventningsfulle medlemmer frå Uskedal skulemusikk på plass. Det er Jostein Bauge, Sindre Aksnes og Kaja Døssland.**

Jostein, Sindre og Kaja er på såkalla Raudt kurs som er for dei som skal byrja i 7. og 8. klasse til hausten. At kursa vert meir og meir populære, viser deltakarlista. I år er det heile 65 deltakere på dette kurset. Det er rekord etter ein stor auke frå i fjor. Deltakarane kjem frå hovudsakleg frå Sunnhordland og Rogaland.

Sjølvsagt er musikk hovudingrediensen i i det som ventar ungdommane, men i tillegg er det og mange andre aktivitetar: fotball, sandvolleyball, ulike romkonkurransar med høg sosial faktor for å nemna noko. Dessutan kjem det nok godt med at det er ein fin bade plass der.

Kurset vert avslutta torsdag, og då inntar yngre korpsmusikarar Lundeneset Vidaregåande skule, før dei som skal opp i 10. klasse og vidaregåande frå hausten avsluttar sommarkurssesongen. Til saman skal 8 medlemmer i skulemusikken på sommarkurs i år. Det er flott!

Av Thor Inge Døssland